

Stor deltaking av arrangøren

23.02.2011

I kveld var det Uskedalen sin tur til å arrangera karusellrenn i Fjellhaugen og renn nummer 4 vart avvikla med stor deltaking av arrangøren.

24 var med i sjølve rennet frå UIL og i tillegg kom ein stor kontingent av deltakarar i barneskirennet som vart halde først.

Vi bringer her ein oversikt over uskedelingane:

I jenter 10 år var desse frå UIL med:

Silje Soldal, Hanna Tvilde, Andrea Hjelmeland, Sunniva Myklebust, Camilla Ripel, Cecilie Haugland Røstbø, Ingeborg Huse Bjørnebøle og Ida Marie Eidsvik.

I gutar 10 år var desse frå UIL med:

Jostein Soldal, Sondre Klyve, Viljar Simonnes Tveit, Jarand Jensen Eide, Martin Hjelmeland Arnesen og Harald M. Lekva.

Jenter 11 år vart vunne av Veslemøy Haugland 19 sekunder foran Kari Eide frå Rosendal og Solveig Haugland vart nummer 2 i jenter 12 år, 12 sekunder bak Sara Guddal frå Rosendal.. Ingvild Myklebust vart nummer 4.

Maren Huse Bjørnebøle var einaste deltakar i jenter 13 år.

Gutar 13 år vart vunne av Tord Sæle, 20 sekunder foran Johannes Haugland..

Kari Bråtun var einaste deltakar i jenter 15 år og gjekk på 13,02 medan Ingebjørg Haugland som einaste 16-åring gjekk på 12,32.

Oddmund Soldal, den einaste i menn 41-45 gjekk på 15,42 medan Eirik Storhaug frå Ternen i eldre junior her gjekk på 15,08 og Iver Andreas Blokkum - også han frå Ternen - noterte seg for 15,29 i klasse menn 21-35 år..

Kurt Haugland fekk ikkje notert tid i trimklassa for menn over 50 år.